

Så flott vart det i Helgheim!!

07.03.2015



Delikat!

Vi har tidlegare skrive om at det kom nye stolar og bord til Helgheim i går. Like etter var ein svært vellukka dugnad i gang med å få dei nye møblane på plass. No er monteringsarbeidet gjort, og vi har motteke bilete som viser resultatet. Ordet må vera DELIKAT, og vi deler så gjerne bileta med lesarane våre.

Meir om det gode arbeidet og investeringa kan de lesa i [saka vår like nedanfor](#).

Etter det vi kjenner til vil nyvinninga verta markert under kulturkvelden som ungdomslaget og musikklaget samarbeider om tirsdag den 24. mars.

Eg seier berre: NYT BILETA! Eg vil tru de får lyst til ein tur i Helgheim! Dei som står for dette fortener verkeleg ROS!



Stilig!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Sven Ove Kjerpeseth